

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatane til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Møre bispedøme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i ein rom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane. NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

Ønskjer du meir informasjon?
Sjå kyrkjevalet.no

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019



DEN NORSKE KYRKJA



Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

VAL TIL MØRE BISPEDØMERÅD OG KYRKJEMØTET 2020-2023

Du er med på å bestemme kven som skal sitte i bispedømerådet og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting», i perioden 2019 – 2023.



Møre bispedømeråd blir valt for fire år. Medlemene i rådet representerer Møre i det årlege Kyrkjemøtet.

På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val til Møre bispedømeråd. Meir utdjupande informasjon finn du på kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Møre bispedøme er det tre lister ved bispedømerådsvallet. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

Bønnelista:

Bønnelista vil føre vidare den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning - skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med sjølvstyre i dei lokale sokna med leiarar, som lar seg leia av Guds heilage Ande.



Monika Tettlid

f. 1964, ansatt Buf-etat, Valldal



Johan Gjendemsjø

f. 1961, produksjonsleder, Brattvåg




Kirsti Slåttelid

f. 1953, tidl. diakon, Sjøvik



Karl Erik Nævestad Knutsen

f. 2000, student, Ålesund




Bergit Sunde

f. 1979, adjunkt, Volda



Gunnar Kristen Hauge

f. 1942, lærer/bonde, Skodje



Tormod Ulleland

f. 1941, tidl. kirketjener, Molde



Marie F. Dahl

f. 1995, student, Ålesund

Nominasjonskomiteens liste:

Nominasjonskomiteen si liste inneheld personar som er nominerte av sokneråda i Møre og utvalde og prioriterte av ein nominasjonskomite og har såleis ei god forankring i dei lokale kyrkjelydane. Kandidatane er aktive i kyrkjelivet i sitt lokalmiljø, og det er lagt vekt på at lista skal innehalde personar med ulik ståstad i det kyrkjelege landskapet. Lista representerer ingen organisasjon eller noko særskild syn teologisk eller på andre område.



Ann Kristin Sørvik

f. 1957, varaordfører, Averøy



Elias Nikolai Øyehaug Opsvik

f. 1996, student, Ørsta



Frode Rabbevåg

f. 1959, daglig leder, Molde



Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad

f. 1960, lærer, Fosnavåg



Hilde Jorun Lerheim

f. 1959, lærer, Eidsbygda




Geir Henriksen

f. 1951, lærer, Valldal



Kjetil Tore Fjalestad

f. 1956, miljøvernkoordinator, Frei



Ola Nakken

f. 1958, vaktmester, Fiksdal



Christina Margrete Duwe

f. 1963, overlege, Ålesund



Mona Brude

f. 1960, lærer, Åndalsnes



Sissel Fossli Schjøtt

f. 1951, pensjonist, Vestnes




Kristine Oksavik Sve

f. 1992, student, Skodje



Erika Lynn Solli

f. 1994, barne- og ungdomsarbeider, Ålesund



Torbjørn Støylen

f. 1952, økonomisjef, Sykkylven




Geir Lorentzen

f. 1963, lærer, Skodje

Åpen folkekirke:

Åpen folkekirke vil at Den norske kyrkja skal vere ei open og inkluderande folkekyrkje. Jesus viste oss at alle menneske er like mykje verd, og vi ønskjer ei kyrkje der dette synest i ord og handlingar. Vi vil avskaffe diskriminering av skeive ved tilsetjingar i kyrkja. Vi vil ha ei kyrkje som alltid står på dei svake si side. Åpen Folkekirke vil ha ei kyrkje der alle er velkomne.



Therese Kristin Utgård

f. 1979, lege, Sykkylven



Ole Martin Grevstad

f. 1970, personalsjef, Ulsteinvik



Maren Elgsaas Alnæs

f. 1995, student, Kristiansund



Margaret Sivertsen Mørk

f. 1952, rektor, Molde



Olav Myklebust

f. 1969, lokalhistorikar, Gursken



Evy Sisilie Bergum

f. 1954, biblioteksjef, Molde



Sverre Steinnes

f. 1962, senioringeniør, Kristiansund



Henry Ståle Farstad

f. 1954, salgssjef, Farstad



Elise Vik Nordbrønd

f. 1995, student, Ålesund



Audun Askim

f. 1958, organisasjonsrettleiar, Ålesund



Kari Grindvik

f. 1961, småbruker, Skodje



Erik Kursetgjerde

f. 1993, student, Sykkylven



Ida Therese Frågodt

f. 2000, lærerassistent, Larsnes



Magnar Hjertenæs

f. 1962, førstelektor, Ørsta



Ruth-Wenche Hebnes Vinje

f. 1966, lektor, Ålesund



Arild Solbakken Hevrøy

f. 1975, anestesistjuepleiar, Ålesund



Trine Lise Auflem Vik

f. 1992, lærar, Gursken



Jon Inge J. Lervåg

f. 1947, pensjonist, Spjelkavik

Møre bispedømeråd blir valt for ein fireårsperiode. Bispedømerådet skal m.a.:

- Bidra til å vekkje og nære kristeleg liv i kyrkjelydane.
- Fremje samarbeid mellom sokneråda og andre arbeidsgrupper i bispedømet
- Tilsette prestar
- Fordele tilskot til stillingar i undervisning og diakoni
- Gjere forvaltingsmessige vedtak med heimel i kyrkje-lova og gravferdslova.

Medlemene i Møre bispedømeråd er også del av Kyrkjemøtet